

Ny giv i teatret - hva må til?

Mette Brantzeg, Audun Hasti, Jon Tombre og Hallfrid Velure

En evaluering av Det Norske Teatret,
Nordland Teater og Trøndelag Teater




Foto på forsiden: Fredrik Arff
Fra *Shockheaded Peter* - Det Norske Teatret

Mette Brantzeg, Audun Hasti, Jon Tombre og Hallfrid Velure

Ny giv i teatret – hva må til?

En evaluering av

Det Norske Teatret, Nordland Teater og Trøndelag Teater

Forord

I St. meld. 32 (2007–2008) *Bak kulissene* varslet Kulturdepartementet innføring av periodiske evalueringer på musikk- og scenekunstheltet. Slike evalueringer er omtalt i senere budsjettproposisjoner, senest i Prop. 1 S (2012–2013), og i tilskuddsbrev til institusjoner på departementets budsjett.

Høsten 2012 ble det utarbeidet et opplegg for evaluering av scenekunstinstitusjoner i samarbeid med Norsk teater- og orkesterforening, der evaluering av kvalitativ utvikling står sentralt. Nationaltheatret, Sogn og Fjordane Teater og Rogaland Teater ble evaluert i et pilotprosjekt våren 2013.

På scenekunsthområdet skal nå Det Norske Teatret, Nordland Teater og Trøndelag Teater evalueres. Modellen fra pilotprosjektet er videreført, med mindre justeringer. Evalueringen dekker fireårsperioden 2010–2013. Arbeidet ble satt i gang høsten 2013 og ble ferdig før sommeren 2014. Departementet er oppdragsgiver og har fastsatt mandatet.

Evalueringen er foretatt av et eksternt oppnevnt panel med departementet som sekretariat. Panelets medlemmer er Mette Brantzeg (leder), Audun Hasti, Jon Tombre og Hallfrid Velure.

Dette er panelets rapport.

Innholdsfortegnelse

Innhold

1	Mandat	4
2	Panelet	6
3	Evalueringsmetode og arbeidsprosess	8
4	Det Norske Teatret.....	11
4.1	Det Norske Teatret – teatret si egenervaluering.....	11
4.2	Det Norske Teatret – årleg rapportering	15
4.3	Panelet si vurdering.....	17
5	Nordland Teater.....	23
5.1	Nordland Teater – teatrets egenervaluering	23
5.2	Nordland Teater – årleg rapportering	27
5.3	Panelets vurdering.....	29
6	Trøndelag Teater.....	34
6.1	Trøndelag Teater – teatrets egenervaluering.....	34
6.2	Trøndelag Teater – årleg rapportering.....	38
6.3	Panelets vurdering.....	40
7	Panelets sluttkommentar.....	46
8	Vedlegg.....	47

1 Mandat

Formål

Regjeringens hovedmål for kap. 324 Scenekunstformål er:

- Et profesjonelt tilbud av teater-, opera- og danseforestillinger og andre sceneuttrykk over hele landet
- Høy kvalitet gjennom utvikling og fornyelse
- Nå hele befolkningen
- Større mangfold
- Effektiv ressursutnyttelse

Kulturdepartementet har besluttet at Det Norske Teatret, Trøndelag Teater og Nordland Teater skal evalueres i 2013–2014. Formålet med evalueringen er å framskaffe informasjon og innsikt som kan belyse hvordan institusjonene bidrar til at målene på scenekunstmrådet nås. Evalueringen skal legge vekt på målene om kunstnerisk kvalitet og effektiv ressursutnyttelse.

Bakgrunn

Et mål- og resultatstyringssystem på kulturområdet forutsetter at både den kvantitative og kvalitative dimensjonen er ivaretatt. Mål for de statlige bevilgningene på musikk- og scenekunstmrådet er trukket opp i de årlige budsjettproposisjonene og i tilskuddsbrev til institusjonene. Virksomheter som mottar tilskudd, rapporterer årlig om sine resultater. Den kvalitative dimensjonen kan imidlertid vanskelig måles gjennom rent objektive indikatorer. Kulturdepartementet gjennomfører derfor periodiske evalueringer hvor kvalitativ utvikling står sentralt.

Organisering og rammer

Kulturdepartementet er oppdragsgiver og sekretariat for evalueringen. Departementet har oppnevnt et panel bestående av fire eksterne fagpersoner som samlet har den nødvendige kompetanse til å foreta evalueringen. Tidsrammen for evalueringen er satt til høsten 2013 og første halvår 2014. Evalueringsrapporten skal foreligge før sommeren 2014.

Evalueringsgrunnlaget skal være et evalueringsskjema med institusjonenes svar på evalueringsspørsmålene, annet relevant skriftlig materiale, møter med institusjonene og besøk på forestillinger. Resultatet av evalueringen skal presenteres i en evalueringsrapport. Rapporten og teatrenes svar på evalueringsskjemaet er offentlig.

Evalueringsmetode

Teatrenes bidrag til hovedmål på scenekunstheltet skal belyses gjennom samlet rapportering og egenredering for den siste fireårsperioden. Når det gjelder vurdering av kunstnerisk kvalitet, legges den såkalte ønskevistmodellen til grunn, jf. omtale under kap. 3.

2 Panelet

Mette Brantzeg (leder)

Utdannet ved Universitetet i Oslo i teatervitenskap 1971 og Dartington College of Arts regi 1979. Regissør, koreograf og dramatiker. Medlem i Sampo Teater 1983–1992. Teatersjef ved Sogn og Fjordane Teater 2000–2004 og leder for Norsk Dramatikkfestival 2006–2008. Har undervist i skuespillerfag på Kunsthøgskolen i Oslo og ledet diverse manusutviklingskurs som Ny dramatikk i Nord-Norge, Tekstlab og Arin. Tidligere styremedlem i Teatersentrum, Norsk Sceneinstruktørforening og Sámi Teahter Searvi. Brantzeg har også hatt verv i scenekunstutvalget i Norsk kulturråd 2000–2002 og vært medlem av juryen for Heddaprisen 2011–2012.

Audun Hasti

Utdannet siviløkonom ved Norges Handelshøgskole. Finansdirektør EGD (EGD Shipholding AS/EGD Property AS/EGD Capital AS). Direktør ved Den Nationale Scene 1997–2006. Økonomidirektør i Stiftelsen Festspillene i Bergen 1992–1997. Økonomisjef Stageway AS 1985–1992. Turnerende musiker 1981–1984. Bred styreefaring, blant annet som styremedlem i Bergen Filharmoniske Orkester, Ultima Oslo Contemporary Music Festival, Bergenlive AS og i en rekke næringsvirksomheter. Audun Hasti var oppnevnt av Kulturdepartementet i panelet som evaluerte scenekunstinstitusjoner våren 2013.

Hallfrid Velure

Teaterviter med doktorgrad fra Universitetet i Bergen. Phd-stipendiat og høgskolelektor ved Høgskolen i Lillehammer/Universitetet i Bergen 2009–2013. Medlem av Norsk kulturråds scenekunstutvalg 2009–2011. Scenekunstkonsulent og produsent i Oppland fylkeskommune 2008–2009. Ansatt som rådgiver i Oppland fylkeskommune. Medlem av og aktør i scenekunstgruppa *To alvorlige og en glad siden* 2003. Medlem av styringsgruppa for Teater Innlandet i 2008. Var med på å starte den programmerende enheten *Teaterforum Lillehammer* i 2008. Hallfrid Velure var oppnevnt i panelet som evaluerte scenekunstinstitusjoner våren 2013.

Jon Tombre

Regissør utdannet fra L'École Internationale de Théâtre Jacques Lecoq i Paris 1990 og regilinjen ved Statens Teaterhøgskole i Oslo 1994. Startet *Det Motsatte Prosjekt for fremme av ny scenekunst* 1990. Tombre har vært scenekunstkonsulent i Norsk kulturråd 1997–2000 og i 2011. Kunstnerisk leder for scenen på Dramatikkens Hus 2009–2011. Har vært oppnevnt som styremedlem og som medlem av kunstnerisk råd i ulike virksomheter på scenekunstfeltet. Tombre har bred erfaring som regissør og har fire nominasjoner til Heddaprisen.

Habilitet

Panelet er satt sammen av personer som på forskjellig måte har kunnskap om og erfaring fra scenekunstfeltet i Norge. Evalueringen bygger på fagfellevurdering og tilknytningen til scenekunstfeltet er det som gjør panelets medlemmer kvalifisert for oppdraget. Samtidig gir

det grunn til å spørre om nærheten til feltet kan gjøre dem inhabile når det gjelder de institusjonene som nå evalueres.

Spørsmålet har vært vurdert både av panelet selv og av departementet i henhold til forvaltningslovens kapittel II *Om ugildhet*. Konklusjonen er at det ikke foreligger habilitetskonflikt.

3 Evalueringsmetode og arbeidsprosess

Evalueringsmetode

Evalueringen er iverksatt ut fra behovet om mer kunnskap om den kvalitative utviklingen ved norske scenekunstinstitusjoner, samt effektiviteten i deres ressursutnyttelse. Dette innebærer en tilnærming langs to spor:

- Sammenstilling av resultatrapportering for de siste fire årene supplert med teatrenes svar på noen tilleggsspørsmål. Vurdering av effektiv ressursutnyttelse basert på teatrenes egne evalueringer, årsmeldinger og budsjettsoknader, samt møter med teatrene.
- En nærmere undersøkelse av måloppnåelse når det gjelder kunstnerisk kvalitet gjennom å anvende ønskevistmodellen.

Evalueringsmetoden kan altså beskrives som en ”hybrid”. I vurdering av ressursutnyttelse er faglig grunnlag og metode hentet fra fagene bedriftsøkonomisk analyse, finans- og regnskapsanalyse og fra statistikk- og metodefaget. Panelet har lagt til grunn teatrenes egne evalueringsrapporter, møter og samtaler med teatrenes ledelser, årsrapporter for perioden 2010-2013 og den årlige rapporteringen til Norsk teater- og orkesterforening. Statistisk Sentralbyrå og fylkenes egne hjemmesider har vært benyttet som kilde for demografiske data. Vurderingen av teatrenes kunstneriske arbeid er gjort i tråd med ønskevistmodellen.

Panelet har oppfattet sitt mandat til, i dialog med teatrene, å gi kunnskap om den kunstneriske kvaliteten ved teatrenes arbeid slik det kommer til uttrykk i enkeltforestillinger og i det enkelte teaters helhetlige kunstneriske profil. I tillegg kommer kunnskap om hvordan teatrene utnytter sine ressurser. Målet har vært at dette arbeidet skal tilføre andre vurderinger enn dem man kan gjøre ut fra rapporterte tall, årsmeldinger og kritikker alene. Panelets vurderinger er derfor samlet i en overordnet kommentar og følger ikke de fem hovedmålene for scenekunstheltet. Dette er et bevisst valg for å synliggjøre at vurderinger av kunstnerisk kvalitet ikke kan ses isolert knyttet til enkeltmål. Det betyr også at institusjonenes kunstneriske arbeid i liten grad er vurdert i forhold til måloppnåelse på andre områder. Rapporten er strukturert slik at hvert teater først presenteres med en faktabasert gjennomgang, basert på teatrets egne evaluering og rapportering til Kulturdepartementet, deretter følger panelets vurderinger av effektiv ressursutnyttelse og kunstnerisk kvalitet.

Det som trekkes fram fra teatrenes egne evalueringer er nødvendigvis et utdrag og i forkortet form. Egnevalueringene i sin helhet er tilgjengelige på nettet. Lenke til egnevalueringene er å finne bakerst i denne rapporten.

Ønskekvistmodellen

Ønskekvistmodellen er utviklet med tanke på evaluering av performativ kunst. Den kan brukes i mange sammenhenger og på flere nivå, det vil si at den kan anvendes på en enkelt forestilling så vel som på institusjonsnivå. Modellen er utviklet av forskere ved Århus Universitet i samarbeid med Århus kommune i Danmark.

Ønskekvistmodellen har som siktemål å etablere et samtalerom rundt noen kjerneelementer som skal inngå i vurderingen av kunstnerisk kvalitet. For å kunne snakke om kvalitet i performativ kunst, etablerer modellen tre grunnkriterier, *Villen*, *Kunnen* og *Skullen*. *Villen* er engasjementet, den kunstneriske visjonen og kommunikasjonsviljen. *Kunnen* er de evner og ferdigheter som skal til for å realisere den kunstneriske visjonen. *Skullen* finnes i relasjonen til samtiden og dialogen med publikum. De tre kjernebegrepene har som utgangspunkt at det finnes et nivå av enighet der en oppfatter kunstnerisk kvalitet som

- kunst som er båret fram av engasjement, ikke av likegyldighet
- kunst som er basert på utfoldelse av kunstnerisk talent og særlige kunstneriske evner, ikke overlatt til tilfeldigheter
- kunst som berører sin samtids mennesker og problemstillinger, som ikke er utedkommende eller tilbakeskuende.

Panelet har valgt å videreføre pilotpanelets norske avløserord for *Villen*, *Kunnen* og *Skullen*, og heller snakke om kunstnerisk *Vilje*, *Evne* og *Relevans*.

Arbeidsprosess

Som oppstart på evalueringen fikk teatrene tilsendt mandatet for arbeidet og et felles evalueringsskjema. Teatrets egevaluering og analyse av utviklingen har vært utgangspunkt for panelets dialog med og vurdering av det enkelte teater. I dialogen med teatrene har panelet understreket viktigheten av at teatrene eksemplifiserer sine påstander om egen kunstnerisk praksis. Videre har panelet tatt pilotutvalgets anbefaling om systematisk oppfølging av forestillinger til følge, og har lagt til grunn at minst to av panelets medlemmer må ha sett en forestilling for at den skal kunne tillegges avgjørende vekt for den samlede vurderingen av teatrets kunstneriske arbeid. Panelets medlemmer har lagt stor vekt på å få sett så mange av teatrenes forestillinger som praktisk mulig i perioden evalueringsarbeidet har pågått. Egenproduksjoner har blitt prioritert. Panelet har vurdert forestillingene fortløpende etter ønskekvistmodellen.

Tidsrammen for evalueringen har vært oktober 2013–mai 2014. Evalueringsperioden omfatter de fire årene 2010–2013. Panelets arbeid har i hovedsak vært basert på skriftlige kilder (årsmeldinger, egevaluering, kritikker) og dialog med teatrene.

Høsten 2013 ble det avholdt et innledende møte med hvert av teatrene, der panelet sammen med direktør og teatersjef gjennomgikk evalueringsskjemaet. Et nytt møte ble avholdt etter at evalueringsskjema var levert. Tema for dette møtet var teatrets vurdering og analyse av egen virksomhet, slik det framkommer i teatrets svar i evalueringsskjemaet. Møtet ga også panelet anledning til å vurdere behovet for tilleggsinformasjon. Panelet har besøkt de respektive

teaterbyggene. Det har gitt innsikt i de fysiske, geografiske og befolkningsmessige rammene for de tre virksomhetene. Panelet har oppfordret teatrene til å forankre evalueringsprosessen bredt i organisasjonen. I møter med panelet har det gjennomgående vært teatrets ledelse som har uttalt seg på vegne av teatrene.

4 Det Norske Teatret

L/L Det Norske Teatret vart stifta i 1912 i Oslo som eit allmenntilgjengelig aksjeselskap med formål om å ”(...) syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by”. Teatret har eit språkpolitisk oppdrag som pregar verksemda, og alle eigenproduserte framsyningar vert spela på nynorsk eller dialekt. Det nære bandet til mål- og ungdomsrørsla kjem organisatorisk til uttrykk gjennom eit rådgjevande organ, Målpolitisk råd, som representerer dei ulike organisasjonane bak teatret. Teatret flytta inn i nytt teaterbygg i 1985 og har tre scener: Hovudscenen, Scene 2 og Scene 3 (tidlegare Prøvesalen).

I 2013 hadde teatret samla inntekter på vel 194 mill. kroner. Av dette utgjorde det statlege tilskotet 154,8 mill. kroner. Staten er einaste offentlege bidragsytar til teatret.

Ved utgangen av året 2013 hadde teatret vel 232 årsverk, medrekna frilansarbeidarar. Årsverka fordeler seg på 21 innan administrasjon, 121 innan tekniske funksjonar og 90 årsverk på det kunstnarlege arbeidet.

4.1 Det Norske Teatret – teatret si eigenevaluering

Teatret har ein kunstnarleg visjon om ”(...) å ta med seg fortida inn i notida til eit modig møte med framtida.” Heilt avgjerande meiner teatret det er å skapa nytt teater av nynorske forfattarar.

Teatret presenterer norsk dramatik og klassikarar i tillegg til norsk og utanlandsk samtidsdramatik. Særskilde satsingar dei siste åra har vore å gje plass til og reflektera over grunnverdiane og dei store forteljingane i vår kultur. Musikkteatret er òg eit sentralt element i visjonen om å vera eit breitt, folkeleg teater.

Teatret sitt bidrag til målet om eit profesjonelt tilbod om scenekunst over heile landet

Teatret ynskjer ein tydelegare profil som turnéteater, både av omsyn til luteigarane over heile landet og til det språkpolitiske oppdraget. Teatret turnerer delvis med egne produksjonar og i samarbeid med Riksteatret, Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater. Teatret har òg vitja fleire internasjonale festivalar.

Talet på framsyningar ved Det Norske Teatret har i evalueringsperioden auka med vel 24 pst. Teatret meiner overgangen til repertoarprogrammering har medverka vesentleg til denne auken, ved å gje rom for fleire framsyningar per produksjon.

Det Norske Teatret har dei siste fire åra hatt i snitt 39 produksjonar kvart år. 25 av desse har vore eigenproduksjonar, 5 uroppføringar, 12 produksjonar av ny norsk samtidsdramatik, 8 av ny utanlandsk samtidsdramatik og 4 produksjonar for barn og unge. Talet på premierar i 2013 var 21, mens tilsvarande tal for 2010 var 10. Teatret opplyser at auken i talet på nye produksjonar dei siste åra har vore knytt til Scene 3.

Teatret sitt bidrag til målet om høg kvalitet gjennom utvikling og fornying.

Teatret peikar på det paradokset at teatret er avhengig av tradisjon i møtet med publikum, samstundes som utvikling og fornying er ein føresetnad for publikumssuksess. Det vert òg peika på kor viktig det er å tilføra framsyningane ein signatur frå notida, ikkje minst i møtet med eit ungt publikum. Teatret meiner at det er med produksjonar som *Jungelboka* og *Jesus Christ Superstar* at dei har lykkast i å verta eit teater for ungdomen, og at dei har klart å nå fram til dei unge som er for gamle for barneteater, og for unge til det ”vanlege” repertoaret.

Teatret har satsa medvite på å gje plass og tid til refleksjon over dei store forteljingane i vår kultur. Som døme vert produksjonane *Bibelen* og *Abrahams barn*, nemnde. Det vert òg arbeidd med å gje klassikarar ulike formspråk; *Unge Werthers lidingar*, *Sorga kler Elektra*, *Jungelboka*, *Faust* og *Fedra*, er døme på dette.

Å nå eit ungt publikum er eit satsingsområde. Som døme nemner teatret *Jungelboka* og *Jesus Christ Superstar*, den internasjonale samproduksjonen *Ik/Eg*, som leikar med myter og språk og *Fuck my life*, som byggjer på eigne forteljingar frå ungdom.

Musikkteatret er òg vurdert som heilt grunnleggjande i teaterprofilen, både klassikarar og nytt stoff. *Next to normal* og barnemusikalen *Felix fantastiske orkester*, vert nemnde som døme. Teatret legg òg vekt på å utvikla samarbeidsproduksjonar som til dømes Herborg Kråkevik si framsyning *Kjære landsmenn*, som fekk fleire prisar i 2012.

Biscenen Bikuben er sett på som ein viktig arena for eit ungt og kreativt ensemble. I tillegg vert fredagstilbodet med *Lunsj og Lyrikk* halde fram som eit viktig tilbod til eit meir vakse publikum.

Teatret samarbeider med andre scenekunstinstitusjonar og det frie scenekunstheltet. I åra 2010–2013 har teatret hatt totalt 26 samarbeidsproduksjonar, der 11 har vore med grupper frå det frie feltet, 13 med andre institusjonar og éin med eit nederlandsk ungdomsteater. I tillegg kjem prosjekt av ulik karakter med ei rekkje institusjonar og organisasjonar som Bondeungdomslaget og Noregs Ungdomslag om *Den Mangfaldige Scenen*, Høgskulen i Nord-Trøndelag om *Det Multinorske* og Dramatikkens Hus og andre teater og grupper om *Den Unge Scenen*.

Hovudscenen har plass til 737 personar, men kan riggast for omlag 450 plassar. Det er denne scenen som dreg det store publikummet, og som syter for størsteparten av billettinntektene. Å prøva seg med fornying der medfører difor alltid auka risiko. Overgang til repertoar har gitt rom for auke i talet på produksjonar, auka tal på framsyningar og større spreiding av risiko. Det Norske Teatret har òg vore oppteke av å prøva ut ulike tidsformat som i *Bibelen*, som varte i seks timar.

Scene 2 har kapasitet for 200. Eigeninntekta frå Scene 2 er låg samanlikna med Hovudscenen, og tilskodartalet er ikkje så avgjerande. Scene 2 er difor ein viktig arena for å fornya teatret. Det vert vist klassisk, litterært teater, ny norsk dramatik, meir intimt barneteater og europeisk samtidsdramatik.

Scene 3 skal ifylgje teatret vera ein arena der avgrensing skal vera ein kunstnarleg ressurs. Konseptet skal endrast jamleg. Scene 3 vert av teatret vurdert som ein suksess etter omlegginga. Scenen har i praksis ingen innteningskrav og stor kunstnarleg fridom. I 2012 utgjorde billettinntektene frå Scene 3 knappe 2 pst. av total eigeninntekt. Det er særleg på Scene 3 at teatret dyrkar fornying. I 2013 fikk denne scenen seks Heddanominasjonar og ein pris.

Teatret sitt arbeid med utviklinga av ny norsk dramatik

Teatret opplever at ny dramatik trekkjer folk og at publikum gjerne ser norsk dramatik. Det Norske Teatret har vore oppteke av å styrkja samarbeidet med norske dramatikarar og å skapa ein kontinuitet i dette samarbeidet, som kan resultera i nye stykke og framsyningar. Opne stykkekontraktar med forfattarar og dramatikarar som Maria Tryti Vennerød, Carl Frode Tiller, Olaug Nilssen og Gyrid Axe Øvsteng har resultert i fleire nye titlar. Særleg vert storsatsinga *Bibelen*, som involverte fleire dramatikarar, halde fram.

Kva teatret gjer for å halde oppe og styrkje engasjementet innanfor teatret

Teatret ynskjer brei kunstnarleg deltaking for å styrkje engasjementet internt i teatret. I tillegg til dramaturgmøte kvar veke og kvartalsvise møte i kunstnarleg råd, gjennomfører teatret eit årleg seminar om mellom anna repertoar. Det er òg innført *Kunstnarleg vekemøte* der ein går gjennom kunstnarleg status for pågåande produksjonar. Kvar sesong startar med eit informasjonsmøte med publikumsvakter og personalet i billettluke om møtet med publikum.

Kva teatret gjer for å halde oppe og styrkje engasjementet ut mot omverda

Repertoaret er sett som den viktigaste reiskapen teatret har for å styrkje engasjementet eksternt. I tillegg til informasjons- og marknadsføringsmateriell for kvar produksjon, gjev teatret ut sesongmagasinet *Bakteppet*. Gjennom året arrangerer teatret ti–tolv *Baksnakk*, som er direkte møte med publikum. På Scene 3 vert det arrangert publikumsmøte med instruktør og teatersjef/dramaturg.

Hovudscenen, Scene 2, Scene 3 og kafé-/kabarets scenen Bikuben i foajéområdet utgjer det samla scenerommet som teatret disponerer. Eigenarten til dei ulike scenane er viktig for arbeidet med å fornya seg og å trekkja til seg nytt publikum.

Det Norske Teatret har òg arbeidd aktivt for å rekruttera nye publikumsgrupper. Gjennom mellom anna skulesamarbeid har dei i fleire år arbeidd målretta for å utvikla interessa for teater hjå ungdom, noko som har medført at dei i dag har eit ungt og engasjert publikum.

Teatret sitt bidrag til målet om å nå heile befolkninga

Det totale talet på publikum har auka vesentleg i evalueringsperioden og er i snitt vel 193 000 per år. Høgast var talet på publikum i 2012 med vel 220 000. Også talet på publikum på turné er auka vesentleg i perioden. I snitt har publikumstalet på turné vore vel 24 000, eller 12,5 pst. av teatret sitt publikum totalt.

Det Norske Teatret har i evalueringsperioden gjennomført ulike publikumsundersøkingar som viser at teatret har hovudtyngda av publikum frå Oslo. For det unge publikummet har rekrutteringsgrunnlaget vore størst i Oslo aust, der teatret òg har særskilt samarbeid med såkalla ”ambassadørskular”. Rekruttering i ungdomsgruppa 15–25 år vert sett som viktig for publikumsutviklinga og som plattform for det språkpolitiske oppdraget.

Teatrets bidrag til målet om større mangfald

Teatret er oppteke av kva det vil seia å vere norsk i dag og peiker på kor viktig det er med dialog med dei store gruppene i landet som har ein annan kulturell bakgrunn enn den norske. Teatret meiner det nye *norske* vert reflektert på ulike måtar gjennom tematikk og estetikk. Som døme nemner teatret produksjonane *Fuck my life*, *Fem årstider*, *Tjue tusen sider* og *Jungelboka*.

Teatret har teke initiativ til å starta opp utdanningsprosjektet *Det Multinorske*. Kulturdepartementet har løyvt midlar til prosjektet, som har som mål å rekruttera fleire skodespelarar med minoritetsbakgrunn til teater, film og fjernsyn. Satsinga er todelt med eit breitt tilbod til barne og unge med minoritetsbakgrunn i *Den Mangfaldige Scenen* og ei mellombels skodespelarutdanning på bachelornivå for studentar med minoritetsbakgrunn. Studiet vert gjennomført i samarbeid med Høgskulen i Nord-Trøndelag, men undervisningsopplegget er primært på Det Norske Teatret. Det er planlagt å utdanne to kull à fire studentar, og dei som fullfører studiet vil få tilbod om eit lønna praksisår på teatret.

Teatret viser til at skodespelarutdanninga *Det Multinorske* er eit uttrykk for det ynskjet teatret har om å gjera scenen meir representativ og å opna opp for fleire perspektiv enn det tradisjonelt norske.

Teatret sitt bidrag til målet om effektiv ressursutnytting

Teatret viser til god og dekkjande kompetanse på alle felt, inkludert styret, og arbeidsmiljøet er vurdert som bra. Formidlingsfeltet vert trekt fram som særskilt prioritert med eigen tilsett som har kulturfagleg og pedagogisk kompetanse. Dramaturgiatet er styrkt i perioden.

Teatret vert rekna som ein attraktiv arbeidsplass. Det kunstnarlege ensemblet er ein kjerne av fast tilsette skodespelarar i tillegg til skodespelarar på åremål og med kortare kontraktar. Ensemblet er balansert når det gjeld kjønn, alder og fagleg kompetanse.

Teatret prioriterer midlar til fagleg oppdatering og opplæring av leiarar. Teatret har medverka til prosjektet *Teknisk kompetanseutvikling i Skandinavia*.

Med utgangspunkt i ein økonomisk analyse i 2009–2010 har teatret gjennomført omfattande innsparingstiltak for å redusera faste kostnader og sikra langsiktig vedlikehald av bygg og utstyr. Dette førte til nedskjering på ei rekkje område og reduksjon i talet på fast tilsette med 18,5 årsverk innan administrative, tekniske og kunstnarlege funksjonar. Prosessen hadde brei forankring i organisasjonen og i styret. Som viktige grep for betre ressursutnytting peikar teatret på overgangen frå en suite til repertoarteater, noko som har auka kapasiteten. Vidare

viser teatret til nytt konsept for Scene 3 med et auka tal på produksjonar, etablering av Biscenen i foajeen, elevskulen *Det Multinorske* og forsøk med søndagsframsyningar.

Arbeidet med systematisk eigenevaluering

Teatret gjennomfører årleg ei eigenevaluering av resultat og måloppnåing i samsvar med strategiplanen. Ut frå analysar av levetid for det tekniske utstyret er det utarbeidd ein plan for investeringar og vedlikehald for perioden 2009–2029. Teatret samarbeider òg med andre kulturorganisasjonar om lån av teknisk utstyr og anna utstyr. Opprusting av publikumsfasilitetane inngår òg som ein lekk i betre ressursutnytting.

4.2 Det Norske Teatret – årleg rapportering

Teatret sitt bidrag til målet om eit profesjonelt tilbod av teater-, opera- og danseframsyningar og andre sceneuttrykk over heile landet

Resultatindikatorer (årleg rapportering)	2010	2011	2012	2013	<i>Gj.snitt 2010–2013</i>
1.1.1 Totalt antall famsyningar	947	1028	1111	1172	1065
1.1.2 Framsyningar på eigen scene/ fast arena	721	959	1033	1042	939
1.1.3 Framsyningar på turné i Norge	39	113	77	134	91
1.1.4 Framsyningar i utlandet	6	6	0	17	7
1.1.5 Mottatte gjestespel	8	9	6	9	8
1.1.6 Transmisjonar	0	0	0	0	0
1.1.7 Framsyningar formidla gjennom Den kulturelle skulesekken	9	10	7	6	8

Kilde: Norsk teater- og orkesterforening

Teatret sitt bidrag til målet om høg kvalitet gjennom utvikling og fornying

Resultatindikatorar (årleg rapportering)	2010	2011	2012	2013	<i>Gj.snitt 2010–2013</i>
2.1.1 Totalt tal på produksjonar	31	38	36	49	39
2.1.2 Eigne produksjoner	17	23	28	30	25

2.1.3 Uroppføringer	7	4	2	6	5
2.1.4 Produksjonar av norsk samtidsdramatikk	8	11	16	12	12
2.1.5 Produksjonar av utanlandsk samtidsdramatikk	8	7	9	9	8
2.1.6 Produksjonar med norsk samtidsdramatikk rettet mot barn og unge	4	3	5	2	4
2.1.7 Produksjonar av ny norsk koreografi	3	0	0	0	1
2.1.8 Produksjonar av ny utanlandsk koreografi	0	0	0	0	0

Kilde: Norsk teater- og orkesterforening

Teatret sitt bidrag til målet om å nå heile folket

Resultatindikatorar (årleg rapportering)	2010	2011	2012	2013	<i>Gj.snitt 2010– 2013</i>
3.1.1 Totalt tal på publikum	163 684	177328	220791	211426	193307
3.1.2 Publikum på billetterte arrangement	131841	148328	191280	173648	162315
3.1.3 Publikum på eigen scene/fast arena	157502	158057	192945	165616	161274
3.1.4 Publikum på framsyningar på turné i Noreg	5942	25337	27801	37 992	24268
3.1.5 Publikum i utlandet	240	810	0	1316	592
3.1.6 Publikum på egne produksjonar	146884	123302	217544	189540	169318
3.1.7 Publikum på mottatte gjestespel	3374	5668	3202	5789	4508
3.1.8 Publikum formidla gjennom Den kulturelle skulesekken: Grunnskulen	1680	1397	4443	3796	3249
3.1.9 Publikum formidla gjennom Den kulturelle skulesekken: Vidaregåande skule	193	2372	0	0	641

3.2.1 Produksjonar retta mot barn og unge	5	5	5	10	6
3.2.2 Framsyningar retta mot barn og unge	140	115	117	224	149
3.2.3 Publikum på framsyningar retta mot barn og unge	38023	19713	35258	52580	36394
3.3.1 Produksjonar retta mot særskilde grupper	3	3	1	9	4
3.3.2 Framsyningar retta mot særskilde grupper	274	50	106	345	194
3.3.3 Publikum på framsyningar retta mot særskilde grupper	20731	6876	2724	43938	18567

Kilde: Norsk teater- og orkesterforening

4.3 Panelet si vurdering

Det Norske Teatret er eit stort teater i norsk målestokk. Med eit snitt på meir enn 193 000 publikumsbesøk i året i perioden 2010–2013 er det òg eit av dei best besøkte institusjonsteatra. Med tilskotet på nærare 155 millionar i 2013 forvaltar teatret dessutan ein monaleg del av det samla årlege tilskotet til norske teater. Dette er positivt for resultat og måloppnåing, men stiller òg strenge krav til effektiv ressursutnytting. Teatret har dessutan eit eige språkpolitisk mandat som forvaltar av det nynorske scenespråket. Dette gjev teatret ein særleg posisjon i det norske scenekunstlandskapet. Ein kan òg leggja til at Det Norske Teatret er lokalisert sentralt i Oslo med ein stor konsentrasjon av befolkninga i sitt nedslagsfelt. Med meir enn 900 000 innbyggjarar i Oslo tettstad (SSB) og over 1,5 millionar innbyggjarar i Stor-Oslo regionen er områda rundt teatret eit befolkningsmessig tyngdepunkt i Noreg.

Regionen utgjer ein sentral marknad for alle næringar inkludert eit mangfaldig kulturliv. Med nær halvparten av alle forskingsårsverka i landet er regionen dessutan eit kompetanse-tyngdepunkt som òg kjem kulturlivet til gode. Teatret har fleire andre store og middels store kulturinstitusjonar i nærleiken, og mediedekkinga er variert og mangfaldig. Teatret er difor lokalisert i eit dynamisk sentrum av scenekunstfeltet i Noreg, der premissane for den offentlege samtalen om scenekunst ofte vert definerte.

Panelet si vurdering av Det Norske Teatret sitt arbeid med god ressursutnytting

I evalueringsperioden har teatret vore gjennom store endringar av organisering og drift, og panelet meiner at teatret for tida er inne i ei dynamisk og konstruktiv utvikling både kunstnarleg og organisatorisk. Omlegging til repertoarspel, nytt konsept på Scene 3, vilje til satsing på søndagsframsyningar og at teatret har auka produksjonstakta monaleg sjølv med

nedskjeringar i talet på fast tilsette, er grep som vert diskuterte i norske teater. Teatret er difor for tida sjølv ein viktig premissleverandør for aktuelle teaterdebattar. Teatret har i perioden òg opna huset meir gjennom omarbeidd kafékonsept i foajeen og fredagsarrangementa *Bikubekveld*. Gjennom besøk på framsyningar har panelet fått inntrykk av eit teater med stor aktivitet, mykje folk på besøk og ei godt synleg teaterleiing.

I tilskotsbrevet til teatret for 2009 vart det lagt særskilte føringar for perioden 2009–2013. Bakgrunnen var den økonomiske situasjonen ved teatret med eit akkumulert underskot på 11 mill. kroner ved utgangen av 2008. Ein føresetnad for tildelinga i 2009 var at samla underskot for åra 2007 og 2008 skulle dekkast opp innan utgangen av 2010. Det var òg eit krav frå departementet om å setja ned ei arbeidsgruppe som skulle leggja frem forslag til vedtak for styret, med sikte på å byggja opp att ein positiv fri eigenkapital. I tilskotsbrevet vart det vidare stilt krav om at det skulle gjennomførast "(...) ein fullstendig strukturanalyse med sikte på varige kutt i kostnadene". Det var på alle måtar ein dramatisk situasjon for Det Norske Teatret.

Panelet vurderer det slik at Det Norske Teatret gjennom heile evalueringsperioden har gjennomført og held fram med å gjennomføra ei omstilling som det står respekt av.

Det Norske Teatret har auka eigenkapitalen frå 19 mill. kroner per 31.12.2009 til 38,3 mill. kroner per 31.12.2013. Dette representerer ein auke på 100 pst. innanfor evalueringsperioden og bidreg til å styrkja den finansielle situasjonen ved teatret på kort og lang sikt. Sidan 2010 har talet på tilskodarar, framsyningar og eigenproduksjonar auka med høvesvis 29 pst., 23,8 pst. og 76,5 pst. Talet på turnéframsyningar har auka vesentleg i perioden. I snitt har teatret turnert med 91 framsyningar per år. Dette har styrkt posisjonen til teatret.

Med unntak av 6,3 mill. kroner, som er innskoten eigenkapital frå staten i samband med innarbeiding av auka pensjonsplikter i balansen, har veksten i eigenkapitalen skjedd gjennom positive årsresultat, samstundes som teatret har auka produksjonstakt og gjennomført omfattande kutt i faste kostnader. Det er, etter det panelet vurderer, eit tydeleg uttrykk for at den strategien for den framtidige drifta av teatret som styret og leiinga la til grunn i 2009, har vore vellukka.

Panelet meiner Det Norske Teatret gjer godt greie for ei forsvarleg forvaltning av bygningsmasse og teknisk utstyr. Med bakgrunn i ein tilstandsrapport som vart utarbeidd i 2009, har teatret laga ein plan for investeringar og vedlikehald for perioden 2009–2029 som òg tek omsyn til dokumentert etterslep på vedlikehald og investeringar frå perioden før 2009.

Panelet er samd med teatret i at gode resultat kan forklarast med den omfattande omstillinga som vart initiert av styret i 2009, og som framleis pågår. Panelet meiner at omstillingsarbeidet ved Det Norske Teatret i åra etter 2009 kan stå som eit føredøme og ha stor overføringsverdi for andre teater som står framfor tilsvarende utfordringar. Av den grunn har panelet vore særleg oppteke av kva tiltak som teatret har sett i verk og korleis ein har arbeidd med omstillinga.

Nedbemannning med 18,5 årsverk var eit av mange tiltak for å redusera faste kostnader. Panelet meiner teatret skal ha ros for måten dette vart gjennomført på. Gjennom møte og samtalar over tid var kriseforståinga og trongen for omstilling godt forankra i organisasjonen.

Ein starta med å leggja eit nytt, ideelt organisasjonskart for teatret med kompetansekrav til dei einskilde stillingane. Kompetansekrava vart sette på grunnlag av ”det kunstnarlege sluttproduktet”. Ein kutta både i administrative, tekniske og kunstnarlege stillingar. Nedbemanninga vart gjennomført i nær dialog med dei tilsette og deira organisasjonar. Ein fekk aksept frå Skodespelarforbundet om at omsynet til ansiennitet ikkje skulle gjelda absolutt ved nedbemanning av ensemblet. I 2009 var snittalderen for fast tilsette skodespelarar ved Det Norske Teatret 59 år.

Personalet vart delt i aldersgrupper, og ein gjekk i dialog med dei tilsette og deira organisasjonar om avgjerdene. Nokon gjekk frivillig, og nokon vart omorganiserte. Det vart òg konkludert med at nokre faggrupper var unødige. Undervegs vart det utvikla ei ”prosessbok”, og det vart halde kurs for mellomleiarar om ”den vanskelege samtalen”. På denne måten fekk ein ei omstilling som fyrst og fremst var tilpassa teatrets vidare behov. I tillegg til nedbemanning vart det gjennomført tiltak og kutt i ei rekkje andre faste kostnader.

Til skilnad frå en suite-programmering inneber repertoarteater at ein kan veksla mellom å spela to eller fleire teaterstykke innanfor ein og same periode på same scene, gjerne og innanfor ei og same veke. Målet er å redusera økonomisk risiko og samstundes auka tilbodet til publikum.

Overgangen til repertoarspel på Det Norske Teatret var ikkje udelt vellukka frå starten av. Teatret oppnådde betre utnytting av publikumspotensialet og redusert inntektsrisiko, men korkje organisasjonen eller teaterbygget var innretta på repertoarspel. Mellom anna var det mangel på lagringsplass for dekorasjonar. Repertoarspel førte dermed til ”(...) dårlegare utnytting av tekniske, økonomiske og personalmessige ressursar”, ifylgje leiinga. Med det som utgangspunkt vart det gjennomført ein konsekvensanalyse ved repertoarspel i 2012. Analysen resulterte i fleire endringar og tilpassingar, mellom anna ombygging, investeringar, organisatoriske endringar og endringar i samansetjinga av det kunstnarlege personalet. Det siste førte til endringar i ensemblet, mellom anna med auka bruk av skodespelarar på åremål.

I eigenevaluering av repertoarspel i 2013 såg ein at resultatet av tiltaka var at ressursbruken var kome under kontroll. Panelet har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om dette er rett. Panelet har likevel notert seg at løns- og personalkostnadene viser ein liten nedgang frå 2012 til 2013, samla driftskostnader viser ein nedgang på 2,6 pst., talet på framsyningar aukar med 5,5 pst., talet på egne produksjonar aukar med 7 pst. og talet på produksjonar totalt med 36 pst. Om dei gjennomførte tiltaka er årsak til dette, har panelet ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å slå fast, men ettersom alle variablane peikar i positiv retning, er det mykje som tyder på det. Panelet er i alle fall positivt til repertoarteater og meiner fordelane veg opp for ulempene, under føresetnad av at ein løyser slike utfordringar som er peika på ovanfor.

Sett frå eit ressursomsyn, støttar panelet synet om at omlegginga og drifta på Scene 3 bidreg positivt til auka ressursutnytting gjennom auka produksjon og eit utvida tilbod til publikum innanfor dei eksisterande økonomiske rammene teatret rår over. Her vert framsyningane produserte med avgrensa prøvetid, personell, teknikk, dekor m.m. Panelet har òg notert seg stigande publikumsoppslutnad.

Prøveordning med søndagsframsyningar for å tilpassa teatertilbodet til barnefamiliar, viser, slik panelet ser det, at Det Norske Teatret har vilje og evne til omstilling.

På Det Norske Teatret vert det årleg gjort systematiske eigenevalueringar av resultat og måloppnåing i tråd med strategiplanen. Evalueringane vert handsama av leiargruppa og styret. Dette er slik panelet ser det, eit viktig arbeid for å sikra god utvikling i tråd med dei måla og strategiane teatret har.

Panelet meiner at resultatane ved Det Norske Teatret gjennom heile evalueringsperioden dokumenterer solid styring, både kunstnarleg og økonomisk, god omstillingsevne og effektiv utnytting av ressursane. Panelet meiner det er på sin plass å hevda at omstillinga som Det Norske Teatret har gjennomført i perioden, kan stå som eit føredøme for andre institusjonsteater med tilsvarende utfordringar på kostnadssida og i organisasjonsstrukturen.

Panelet si vurdering av det kunstnarlege arbeidet ved Det Norske Teatret

Det Norske Teatret fortener ros for fleire sider ved det kunstnarlege arbeidet i evalueringsperioden. Panelet har inntrykk av at dei organisatoriske grepa har generert kunstnarleg vitalitet og engasjement hjå heile huset. Ein ser òg at publikumstala aukar. Innføring av *kunstnarleg vekemøte*, der det kunstnarlege arbeidet i dei enkelte produksjonsprosessane vert følgd tett, vurderer panelet som ei nyvinning i norsk teaterorganisering. Panelet meiner at slike grep bidreg til å halda eit skjerpa fokus på den kunstnarlege kvaliteten i dei ulike produksjonane, og at det skapar viktige rom for samtale og analysar rundt kunstnarlege val og prioriteringar. At dette for eit par produksjonar har medført utsett premiere, fordi det kunstnarlege arbeidet ikkje kom i mål i tide, aukar tilliten til at Det Norske Teatret i liten grad er villig til å kompromissa på kunstnarleg kvalitet. Denne viktige ”kunstnarlege samtalen” vert òg sikra gjennom kvartalsvise møte i kunstnarleg råd.

Med etableringa av Scene 3-konseptet har teatret prøvd ut korleis tydelege avgrensingar av ressursar, tid og rom kan vera fruktbare rammer å skapa innanfor. At framsyningane her i stor grad er motiverte av kunstnarane på huset sine egne, ynskte prosjekt, styrkjer konseptet. Satsinga har resultert i fleire gode framsyningar og fleire Heddanominasjonar og -prisar. Det ser for panelet ut til at repertoaret er prega av stor yringslyst og vilje til å prøva ut nye konsept. Dei knappe rammene har vore konstruktive, sjølv om ikkje alle produksjonane har evna å koma heilt i mål kunstnarleg.

Ved dei andre scenane ser panelet ein vilje til å satsa på ei blanding av klassiske og samtidige scenetekstar innanfor ei rimeleg breidde av den europeiske teaterkanon. Dessutan har teatret lagt god vekt på å bera fram nye nynorske dramatistar. Panelet har likevel merka seg at det er flest uroppføringar og færre andre- eller tredjegangssoppføringar av nye norske tekstar, og at om lag halvparten av dei har vore resultat av samarbeidsproduksjonar og gjestespel. Ei tydeleg satsing på dramaturgiatet i perioden viser at teatret står støtt i ein tale- og tekstteatertradisjon.

I tillegg til satsinga på ny dramatik er teatrets engasjement for musikal- og musikkteater tydeleg. Her er teatret i front når det gjeld vilje til nyutvikling av uttrykksforma. Dette gjeld både i val av materiale og iscenesetjing. Panelet meiner at teatret her gjer eit viktig arbeid.

Også teatret sitt arbeid med barn og unge og nye publikumsgrupper er prega av vilje til utforsking og utvikling. Særleg er ungdom ei gruppe teatret er oppteke av. Den auka satsinga på teatret som ope hus, med til dømes *Bikubekveld*, er eit positivt uttrykk for dette. Teatret har etter panelet sitt syn eit godt tilbod til skular som vitjar teatret, og i repertoaret viser teatret vilje til å nærma seg målgruppa på ein variert og utprøvande måte.

Teatret fortener vidare ros for sitt engasjement for *Det Multinorske*, som teatret òg har fått ekstra statlege løyvingar for å satsa på. Teatret held sjølv fram at satsinga er motivert av å utvida synet på kva som er det norske i dag. I tillegg til å trenar opp nye kunstnarar, har satsinga, etter panelet sitt syn, òg eit potensial til å inspirera mangfaldet i både repertoar og formspråk ved teatret, utover den vestlege teatertradisjonen teatret står i i dag. Det vil i så fall gje satsinga ytterlegare tyngd.

Dei fleste strukturelle val ved store institusjonar vil ha kunstnarlege kostnader. Slik er det òg ved Det Norske Teatret. For å styra teatret etter repertoarspeling har teatret valt å "låsa" sceneromma frontalt for alle framsyningane. Det betyr at teatret ikkje nyttar den fleksibiliteten som ligg i arkitekturen. Utforsking av romlege konsept som del av ei kunstnarleg satsing har dermed vorte vanskelegare slik teatret driv i dag. Med dei store ambisjonane og evnene teatret har, vil panelet meina at det romlege arbeidet fortener noko meir merksemd. Også i satsinga på Scene 3, er det panelet sitt inntrykk at kunstnarleg arbeid med rom og visualitet har hatt noko tronge kår i evalueringsperioden. Panelet støttar difor at teatret vil auka satsinga på dette i tida som kjem. Teatret har vist fin vilje til å utforska tidsaspektet ved teaterhendinga gjennom storsatsinga *Bibelen*. Teatret framhevar sjølv at ein gjennom å få opp produksjonstakta både aukar publikumstilbodet og spreier den økonomiske risikoen på ein slik måte at ein kan hente ut kunstnarlege resultat gjennom meir eksperimentering og større fleksibilitet i kvar dei ulike framsyningane vert viste. Dette meiner panelet har bidrege til meir variert repertoar på Det Norske Teatret i perioden.

Ein annan mogeleg kunstnarleg kostnad ved dei strukturelle omleggingane er samansetjinga av skodespelarensemblet. Med så høg produksjonstakt og eit så breitt repertoar er det rimeleg at skodespelarane må vera allsidige i kva uttrykk dei kan handsama. Det kan vera ein fare for at store kunstinstitusjonar som Det Norske Teatret ikkje finn plass til dei særeigne kunstnarstemmene, dei som er spissa innanfor enkelte uttrykk og sjangrar. Panelet har likevel ikkje sett direkte manglar i ensemblet ved teatret i evalueringsperioden. Tvert imot ser ensemblet ut til å kle repertoarvalet godt. Så langt panelet kan sjå, rår teatret over kunstnarar med svært høg kompetanse. Rekruttering av kunstnarar tykkjest heller ikkje vera eit problem for teatret, som knyter til seg aktuelle kunstnarlege stemmer frå inn- og utland.

